



## TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Fylkesmannen I Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN

UGGDAL, 19.01.2018

| <i>Saksnr.</i> | <i>Dok.nr</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd/Sek/Saksh</i> | <i>Dykkar ref.</i> |
|----------------|---------------|------------------|----------------------|--------------------|
| 16/47-52       | 392/18        | 504              | TK//STDAL            |                    |

### **UGGDAL BUSTADOMRÅDE - TYSNES KOMMUNE - PLAN ID 2015-1 AVKLARING AV VIDARE HANDSAMING**

Me viser til avgrensa høyring av ovanstående plan, jf. vårt skriv dagsett 17. november f.å.

I vårt skriv går det klart fram at det er gjeve ein frist for å gje uttale innan 3. januar d.å. Me har innan fristen motteke melding frå Hordaland fylkeskommune som ikkje lenger har merknader til planen, me har også motteke samordna uttale frå Fylkesmannen der det ikkje er fremja motsegn.

I uttale dagsett 9. januar, altså 6 dagar etter fristen, fremjar NVE motsegn til planen. Fylkesmannen har i utgangspunktet samordningsansvar i høve til statlege motsegner, me meiner såleis at motsegna frå NVE kan avskjerast med grunnlag i feil sakshandsaming. Når kommunen mottok samordna uttale frå Fylkesmannen 13. desember legg me til grunn at det då heller ikkje ligg motsegn frå statlege sektororgan. Det må også tilleggjast vekt at Fylkesmannen mottok motsegn frå NVE dagsett 6. juli f.å.

Uavhengig av saksforløpet elles er også motsegnet etter vårt syn då kome inn etter fristen. Fylkesmannen har høve til å avskjera motsegn etter plb § 5-4, me meiner at det er naturleg at Fylkesmannen nyttar seg av denne moglegheiten i den aktuelle saka. Subsidiært vil kommunen ta planen opp til eigengodkjenning, der område som er omfatta av NVE sitt motsegn vert unnateke ei slik eigengodkjenning og at mekling vert gjennomført.

Me ber om ein snarleg tilbakemelding i saka då den går vidare til politisk handsaming i utval for landbruk og teknisk 30. januar og vert fremja for kommunestyre 13. februar.

Med helsing  
Tysnes kommune

---

Steinar Dalland  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*

Kopi: NVE, Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO